

Status per desember 2017

Prosjektoversikt

Innhold

1	Prosjekt i Kvam herad.....	3
2	Innhold, rammer og finansiering.....	4
2.1	Nye driftsprosjekt – rammer og finansiering	4
2.1.1	Om nye driftsprosjekt (vedtekne ved 3.tertial 2017)	4
2.2	Vedtekne driftsprosjekt – rammer og finansiering	5
2.2.1	Om tidlegare vedtekne driftsprosjekt.....	5
2.3	Nye investeringsprosjekt - rammer og finansiering	7
2.3.1	Om nye investeringsprosjekt - (vedtekne ved 3.tertial 2017).....	7
2.4	Vedtekne investeringsprosjekt.....	9
2.4.1	Om aktive investeringsprosjekt	9
2.5	Aktive skule- og barnehageprosjekt	15
2.5.1	Om skule- og barnehageprosjekt.....	15
2.6	Aktive VA – prosjekt	16
2.6.1	Om VA-investeringsprosjekt	16
3	Prosjekt som vert avslutta i 2017	19
3.1	Budsjettrammer.....	19
3.2	Avslutta prosjekt.....	19
3.2.1	Finansiering avslutta prosjekt iflg. Rekneskap.....	23
3.2.2	Finansiering avslutta prosjekt iflg. Budsjett.....	24

1 Prosjekt i Kvam herad

Oversikt og innhald i totalrammene til prosjekta er trekt ut av rekneskapsrapportar og budsjett/økonomiplan og vert i staden presentert i denne eigne oversikten. Prosjekta strekkjer seg gjerne over fleire år og omfattar tidlegare budsjett-/rekneskapsår, medan budsjetttrammene vert tildelt årleg.

Fokuset til prosjektleiarane er fyrst og fremst å halda dei totale prosjektrammene, ikkje kva år fakturaene kjem i. Det er difor ei ekstra utfordring å treffa med rammefordelinga per budsjettår, særleg rundt nyttår. Kvam herad nyttar gjerne ein 3. tertialrapport i tillegg til 1. og 2. tertialrapport, for å justera prosjektrammene mellom år.

Kvam herad har mange investeringsprosjekt og få driftsprosjekt. Investeringsprosjekta er i hovudsak lånefinansiert, medan driftsprosjekta ikkje kan vera lånefinansiert, og må finansierast med driftsfond eller driftsinntekter. Tidlegare vedtekne prosjekt er delt opp i 4 grupper; driftsprosjekt, investeringsprosjekt, skule- og barnehageprosjekt og VA-prosjekt. I tillegg kjem framlegg til nye prosjekt og dei prosjekta som skal avsluttast i inneverande år.

Potensielle prosjekt:

Det er nokre prosjekt som vert meldt inn i samband med 3.tertial 2017, men som ikkje er komne langt nok i prosessen til at dei er teke med i budsjett/økonomiplan, eller som ikkje er prioritert i økonomiplanen. Dette gjeld m.a.:

- Utskiifting PLO-utstyr
- Bustadbehov rus og psykiatri
- Utviding/ombygging av barneskulen i Øystese
- Utviding av kapasitet innan Helse og omsorg
- Nye digitaliseringsprosjekt

Det er på gang ei rekkje utgreiingar for å kartleggja tilstand på ulike kommunale eigedomar for å få ein totaloversikt på kva som må gjerast i åra framover. Når desse er klare, må ein gå gjennom alle prosjekta igjen, og laga ei nøysam prioritering. I tillegg til utfordringar med finansiering av prosjekta, krev dei og administrasjon. Erfaringar viser at kommunen ikkje klarar å gjennomføra mange av prosjekta innan tiltenkt tid.

Årlege prosjekt:

Kommunen har nokre typar prosjekt som er lagt inn med prosjektrammer kvart år:

- a. Oppgradering av bygg – Kommunen har ei stor bygningsmasse. Vedlikehaldet er omfattande og etterslepet så stort at ein del bygg treng oppgradering. Det er difor lagt opp til ei årleg investeringsramma.
- b. Asfaltering – På same måte som for bygg, har kommunen mange meter veg med stort vedlikehaldsetterslep. Det er lagt opp til reasfaltering-prosjekt i planperioden.
- c. IT-investeringar – IT er eit av dei viktigaste administrative verktøya, og treng kontinuerleg utskifting og vidare satsing for å oppnå gode resultat og utvikling.
- d. Fornying teknisk utstyr – Innimellom oppstår det uventa behov for nytt teknisk utstyr, men rådmannen ynskjer ein plan for årleg utskifting av teknisk utstyr. På grunn av nokre år med investeringsstopp er det eit etterslep på området.

2 Innhold, rammer og finansiering

I tabellene under viser forbruket per desember 2017, budsjettet t.o.m. 2017 og resterende rammer i økonomiplanen 2018-2021, samt rest i rammene per desember 2017 mot budsjettrammer per 2017 og til slutt mot budsjettrammer per 2021. Den øvste tabellen viser utgiftsrammene, og den neste viser korleis prosjektet skal finansierast.

Når det gjeld finansieringa, vil det vera avvik mellom forbruk ved tertialane og rest på totalramme mot utgiftene, då utgiftene vert ført fortløpande medan finansieringa vert gjort i samband med årsavslutninga. Budsjetttrammene skal vera like for utgifter og inntekter.

2.1 Nye driftsprosjekt – rammer og finansiering

Prosjekt			Forbruk t.o.m. 17	Budsjett t.o.m. 17	Rest per 17	B18	B19	B20	B21	Sum bud. ramme	Rest på totalramma
P37181	1* Analyse PLO ressursmodell		0	0	0	375	0	0	0	375	375
P71181	1* Revisjon kommuneplan Kvamskogen		0	0	0	125	375	0	0	500	500
P71182	1* Utvikling av Kvamskogen		0	0	0	375	0	0	0	375	375
Sum			0	0	0	875	375	0	0	1 250	1 250

Prosjekt			Forbruk t.o.m. 17	Budsjett t.o.m. 17	Rest per 17	B18	B19	B20	B21	Sum bud. ramme	Rest på totalramma
			0	0	0	-875	-375	0	0	-1 250	-1 250
P37181	1* Analyse PLO ressursmodell		0	0	0	-375	0	0	0	-375	-375
P37181	1* Analyse PLO ressursmodell	Fondsdisponeringar	0	0	0	-300	0	0	0	-300	-300
P37181	1* Analyse PLO ressursmodell	Mva.kompenasasjon	0	0	0	-75	0	0	0	-75	-75
P71181	1* Revisjon kommuneplan Kvamskogen		0	0	0	-125	-375	0	0	-500	-500
P71181	1* Revisjon kommuneplan Kvamskogen	Fondsdisponeringar	0	0	0	-100	-300	0	0	-400	-400
P71181	1* Revisjon kommuneplan Kvamskogen	Mva.kompenasasjon	0	0	0	-25	-75	0	0	-100	-100
P71182	1* Utvikling av Kvamskogen		0	0	0	-375	0	0	0	-375	-375
P71182	1* Utvikling av Kvamskogen	Fondsdisponeringar	0	0	0	-300	0	0	0	-300	-300
P71182	1* Utvikling av Kvamskogen	Mva.kompenasasjon	0	0	0	-75	0	0	0	-75	-75

2.1.1 Om nye driftsprosjekt (vedtekne ved 3.tertial 2017)

P37181 Analyse PLO ressursmodell

Analyse i pleie og omsorg/stab og forvaltning for å vurdere organisering, nivå på tenestetildeling og modell for ressursfordeling, kjøp av eksterne tenester. Finansiert med disposisjonsfond.

P71181 Revisjon kommuneplan Kvamskogen

Tema for planen er infrastruktur. Finansiert med kraftfond.

P71182 Utvikling av Kvamskogen

Utvikling av Kvamskogen som næringsområde, del av tiltak i næringsplan. Finansiert med kraftfond.

2.2 Vedtekne driftsprosjekt – rammer og finansiering

Prosjekt	Prosjektnamn	Forbruk		Budsjett					Sum		Rest på totalramme
		t.o.m 17	t.o.m 17	Rest per 17	B18	B19	B20	B21	bud.ramme		
P19171	0/1* Hardangertunnelen - frå ide til røyndom	0	0	0	3 625	0	0	0	3 625	3 625	
P19172	1* Lean - fase 2	722	768	46	338	0	0	0	1 106	384	
P60189	1* Kartlegging tilstand av kommunale vegar	0	0	0	313	0	0	0	313	313	
P61114	1* Oppdatering vassforsyningsplan	352	400	48	100	0	0	0	500	148	
P61117	1* Oppdatering avløpsplan	328	400	72	100	0	0	0	500	172	
P62162	1* Kartlegging tilstand av kommunale bygg	74	63	-11	250	0	0	0	313	239	
P70132	1* Reg.plan Tokagjelet-Ungd.heimen	176	137	-40	364	0	0	0	500	324	
P70133	1* Reg.plan NAF-Eikedalen	297	212	-85	288	0	0	0	500	203	
P71091	1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik	1 546	2 318	772	3 825	0	0	0	6 143	4 597	
P71170	1*Reguleringsplan Fjerabygde - Rosseland	0	0	0	375	0	0	0	375	375	
Sum		3 496	4 297	801	9 577	0	0	0	13 874	10 378	

2.2.1 Om tidlegare vedtekne driftsprosjekt

Aktive driftsprosjekt er tidlegare vedtekne av Kvam heradstyre. Nokre av prosjekta er forskyvd i tid og/eller har fått endra prosjektrammer i etterkant av det opprinnelege vedtaket.

P19171 Hardangertunnelen – frå ide til røyndom

Prosjektet er både eit drift- og eit investeringsprosjekt. Prosjektet vart oppretta som del av budsjettvedtaket for 2017, under tilleggspunkt 1:

Kvam heradsstyre gjev rådmannen i oppgåve å etablera prosjektet «Hardangertunnelen – frå ide til røyndom»

Målet til prosjektet er i fyrste omgang å løfta fram Hardangertunnelen som prosjekt, og få på plass godkjent reguleringsplan med nødvendig kvalitetssikring.

Rådmannen får fullmakt til å nytta seg av nødvendig ekstern fagkompetanse.

Rådmannen får i oppgåve å gjera fylgjande:

- *Samla all relevant informasjon om prosjektet i ein presentasjon som kan nyttast i arbeidet fram mot realisering av tunnelen.*
- *Få prosjektet inn i overordna planar.*
- *Iverksetja regulering og få igangsett og gjennomført kvalitetssikring.*
- *Organisera dette arbeidet opp mot Samnanger, vegeigar og Statens Vegvesen .*
- *Søkja delfinansiering frå vegeigar til planarbeidet.*
- *Finansieringsramme : Inntil 2,5 mill frå næringsfondet i økonomiplanperioden.*

Oppretta interesseselskap/ pådrivarverksemd eller jobba vidare i kommunal regi. Om rådmannen kjem fram til at eit selskap er rette grepet må fylgjande på plass :

- *Invitera Hardangerkommunane, Samnanger, Bergen , samt næringslivet i desse*
- *områda til å delta aktivt, også økonomisk , for å realisera og driva fram prosjektet.*

Tidsramme for etablering : 2017/2018. Kvam herad løyver inntil kr. 500.000 kroner frå fondet «Investeringsfond Kvam Kraftverk» (fondskonto 25300002) til arbeidet eller start av dette selskapet.

P19172 Lean - fase 2

Kvam herad tok i bruk LEAN til å få fokus på kontinuerleg kvalitetsforbetring i organisasjonen. Oppstartprosjektet utdanna interne LEAN navigatørar og leigde KPMG til å læra opp navigatørar, anna intern kursing og bistand i pilotprosjekt. Prosjektet er inne i ein ny fase i 2017 og 2018, med opplæring av nye navigatørar og samarbeid med KS Konsulent. Prosjektet er finansiert med fond og støtte frå KS sitt OU-fond.

P60189 Kartlegging av kommunale vegar

Driftsprosjekt for å kartleggje tilstand og vedlikehaldsbehov på dei kommunale vegane. Overført frå prosjekt P61167 til nytt prosjektnummer i 2018.

P61114 Oppdatering av vassforsyningsplan

Restsum er overført frå 2017 for ferdigstilling av planen i 2018.

P61117 Oppdatering avløpsplan

Restsum er overført frå 2017 for ferdigstilling av planen i 2018.

P62162 Kartlegging tilstand av kommunale bygg

Driftsprosjekt med oppstart i 2018 for å kartleggje tilstand og vedlikehaldsbehov på dei kommunale bygga.

P70132 Reg.plan Tokalgjelet-Ungdomsheimen

Gjeld arbeid med ny reguleringsplan på strekkja mellom Tokalgjelet og Ungdomsheimen. Kvam herad har engasjert Multiconsult for å gjera arbeidet som gjeld oppfylgjing av kommunedelplan for Kvamskogen. Statens vegvesen har overført 0,25 mnok til arbeidet med reguleringsplanen, i tillegg finansiert med 0,25 frå kraftfond. Desse midlane er avsett til fond. Overføringa til fond er ikkje er teke med i denne tabellen, men vil visa i tabellen til Årsmeldinga.

P70133 Reg.plan NAF-Eikedalen

Gjeld arbeid med ny reguleringsplan på strekkja mellom NAF og Eikedalen. Kvam herad har engasjert Multiconsult for å gjera arbeidet. Oppfylgjing av kommunedelplan for Kvamskogen. Statens vegvesen har overført 0,25 mnok til arbeidet med reguleringsplanen, i tillegg finansiert med 0,25 frå kraftfond. Desse midlane er avsett til fond. Overføringa til fond er ikkje er teke med i denne tabellen, men vil visa i tabellen til Årsmeldinga.

P71091 Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik.

Tettstad utvikling i Ålvik. Forskyvd midlar frå 2017 til 2018.

Prosjektet skal finansierast med kompensasjonsmidlar.

Midlane er mottekne og avsett til fond.

Overføringa til fond er ikkje er teke med i denne tabellen, men vil visa i tabellen til Årsmeldinga.

P71170 Reguleringsplan Fjerabygde - Rosseland

Reguleringsplan for Fjerabygde, Rosseland v/Steinsdalsfossen. Forskyvd midlar frå 2017 til 2018.

2.3 Nye investeringsprosjekt - rammer og finansiering

Prosjekt	Prosjektnamn	Forbruk				Budsjett				Rest per				Sum bud.ramm	Rest på totalram
		t.o.m 17	t.o.m 17	t.o.m 17	t.o.m 17	B18	B19	B20	B21	B18	B19	B20	B21		
P60184	0* Offentleg toalett Norheimsund	0	0	0	0	0	625	0	0	0	0	0	0	625	625
P60185	0* Oppgradering av VA-leidningskart	0	0	0	0	1 000	1 000	1 000	0	0	0	0	0	3 000	3 000
P60186	0* Ombygging og ny barriere Strandebarm vassve	0	0	0	0	1 650	0	0	0	0	0	0	0	1 650	1 650
P60187	0* Utskifting av hovudvassleidning Skålheim - Mo	0	0	0	0	1 200	0	0	0	0	0	0	0	1 200	1 200
P60188	0* Tilfluktsrom/arkivrom	0	0	0	0	580	0	0	0	0	0	0	0	580	580
P61180	0* Kjøp av ny lastebil på teknisk	0	0	0	0	1 063	0	0	0	0	0	0	0	1 063	1 063
P61181	0* Oppgradering av bruer ved Steinsdalsfossen	0	0	0	0	1 875	0	0	0	0	0	0	0	1 875	1 875
P61182	0* Opparbeiding av parkering Norheimsund sentr	0	0	0	0	1 100	0	0	0	0	0	0	0	1 100	1 100
P61183	0* VA-sanering Norheim del II	103	0	-103	0	9 500	0	0	0	0	0	0	0	9 500	9 397
P61184	0* Ombygging av Tolo reinseanlegg til pumpestat	0	0	0	0	1 500	1 500	0	0	0	0	0	0	3 000	3 000
P61185	0* Oppgradering av pumpestatjonar i Steinsdalen	0	0	0	0	3 300	3 300	0	0	0	0	0	0	6 600	6 600
P61186	0* Oppgradering av kummar i heradet - avlaup	0	0	0	0	600	600	600	600	0	0	0	0	2 400	2 400
P61187	0* Oppgradering av kummar i heradet - vatn	0	0	0	0	1 500	1 500	1 500	1 500	0	0	0	0	6 000	6 000
P61188	0* Oppgradering av reduksjonskummar	0	0	0	0	1 000	1 000	1 000	1 000	0	0	0	0	4 000	4 000
P61189	0* Adgangskontroll vassverk	0	0	0	0	220	220	0	0	0	0	0	0	440	440
P62166	0* Forprosjekt Strandebarmsheimen	0	0	0	0	625	0	0	0	0	0	0	0	625	625
P62182	0* Modulbustader til ROP	0	0	0	0	1 875	0	0	0	0	0	0	0	1 875	1 875
P62183	0* Ombygging av Tolomarka barnehage	0	0	0	0	3 125	0	0	0	0	0	0	0	3 125	3 125
P65180	0* Brannstasjon KVBR	0	0	0	0	5 000	0	0	0	0	0	0	0	5 000	5 000
P65181	0* Kjøp av mannskapsbil KVBR	0	0	0	0	5 625	0	0	0	0	0	0	0	5 625	5 625
P71183	0* Totalstasjon oppmåling	0	0	0	0	125	0	0	0	0	0	0	0	125	125
P80180	0* Kjøp av bil til oppmåling/geodata	0	0	0	0	375	0	0	0	0	0	0	0	375	375
Sum		103	0	-103		42 838	9 745	4 100	3 100				59 783	59 679	

2.3.1 Om nye investeringsprosjekt - (vedtekne ved 3.tertial 2017)

P60184 Offentleg toalett Norheimsund

Etablering av offentlig toalett i Norheimsund sentrum. Finansiert med bruk av lån.

P60185 Oppgradering av VA-leidningskart

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Finansiert med bruk av lån.

P60186 Ombygging og ny barriere Strandebarm vassverk

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Finansiert med bruk av lån.

P60187 Utskifting av hovudvassleidning Skålheim - Mo i Øystese

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Finansiert med bruk av lån.

P60188 Tilfluktsrom/arkivrom

Skilja tilfluktsrom og arkivrom på rådhuset for å oppfylle lovkrav til Tilfluktsrom/arkivrom. Finansiert med fondsmidlar avsett til tilfluktsrom.

P61180 Kjøp av ny lastebil på teknisk

Eksisterande lastebil har mykje rust og vil vera vanskeleg å få godkjend i 2018. Finansiert med bruk av lån.

P61181 Oppgradering av bruer ved Steinsdalsfossen

2 bruer ved Steinsdalsfossen treng oppgradering. Finansiert med bruk av lån.

P61182 Opparbeiding av parkering Norheimsund sentrum

Ny sentrumstruktur ved rådhuset og skulen krev nye parkeringsareal. Skampletten vert opparbeidd til offentlig parkering i 2018. Finansiert med bruk av fond.

P61183 VA-sanering Norheim del II

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Finansiert med bruk av lån.

P61184 Ombygging av Tolo reinseanlegg til pumpestasjon

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Finansiert med bruk av lån.

P61185 Oppgradering av pumpestasjonar i Steinsdalen

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Finansiert med bruk av lån.

P61186 Oppgradering av kummar i heradet - avlaup

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Finansiert med bruk av lån.

P61187 Oppgradering av kummar i heradet - vatn

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Finansiert med bruk av lån.

P61188 Oppgradering av reduksjonskummar

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Finansiert med bruk av lån.

P61189 Adgangskontroll vassverk

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup.

Finansiert med bruk av lån.

P62166 Forprosjekt Strandebarmsheimen

Prosjekt som dannar grunnlag for vidare framdrift i prosjektet om ny Strandebarmsheim. Finansiert med bruk av lån.

P62182 Modulbustader til ROP

Kommunen treng fleire bustader til ROP og det er planlagt éin ny modulbustad i 2018. Finansiert med bruk av lån.

P62183 Ombygging av Tolomarka barnehage

Tolomarka barnehage treng ombygging for å tena nye formål for kommunen. Finansiert med bruk av lån.

P65180 Brannstasjon KVBR

Prosjekt for grunnnerv, regulering og prosjektering av ny brannstasjon i KVBR. Finansiert med bruk av lån.

P65181 Kjøp av mannskapsbil KVBR

Eksisterande mannskapsbil er klar for utskifting til ein ny og meir tenleg bil. Finansiert med bruk av lån.

P71183 Totalstasjon oppmåling

Eksisterande utstyr til oppmåling er utdatert og lite tenleg. Utskifting til ny totalstasjon for oppmåling i 2018. Finansiert med bruk av lån.

P80180 Kjøp av bil til oppmåling/geodata

Dagens bil er i dårleg forfatning og treng utskifting. Finansiert med bruk av lån.

2.4 Vedtekte investeringsprosjekt

Prosjekt	Prosjektnamn	Forbruk t.o.m 17	Budsjett t.o.m 17	Rest per 17	B18	B19	B20	B21	Sum bud.ramme	Rest på totalramme
P13191	0* IT-investeringar 2019	0	0	0	0	1 800	0	0	1 800	1 800
P13201	0* IT-investeringar 2020	0	0	0	0	0	1 800	0	1 800	1 800
P16152	0* Telefon- og varslingssystem	984	1 100	116	1 250	0	0	0	2 350	1 366
P16154	0* PC PLO	339	500	161	175	0	0	0	675	336
P16161	0* IKT i skule og barnehage	2 460	2 313	-148	2 938	2 563	1 250	1 250	10 313	7 852
P16181	0* IT-investeringar 2018	0	0	0	1 800	0	0	0	1 800	1 800
P18133	0* Heilelektronisk arkiv	819	900	81	398	398	0	0	1 695	876
P18162	0* Nytt adm.system - VISMA	2 158	2 305	147	145	0	0	0	2 450	292
P18171	0* Kvalitetssystem	216	220	4	338	338	0	0	895	679
P18172	0* Portalsystem	328	510	182	140	0	0	0	650	322
P19141	0* Hardangerbadet	3 526	2 900	-626	19 600	0	0	0	22 500	18 974
P19171	0/1* Hardangertunnelen - frå ide til røyndom	0	0	0	3 625	0	0	0	3 625	3 625
P37162	0* Dagsenter Strandebar	179	250	71	750	0	0	0	1 000	821
P37163	0* Dagsenter Øystese	312	638	325	175	0	0	0	813	500
P37164	0* Dagsenter Ålvik	1 337	1 375	38	0	0	0	0	1 375	38
P37171	0* Bil hjelpemiddelsentral	0	500	500	0	0	0	0	500	500
P60096	0* Komp.midlar veg - Skjering, Bakka	0	0	0	3 125	0	0	0	3 125	3 125
P60134	0* Familie- og læringscenter	3 495	6 750	3 255	26 988	0	0	0	33 738	30 244
P60169	0* Øysteseheimen - tilbygg og ombygging	14 876	15 312	436	2 500	0	0	0	17 812	2 936
P60175	0* Digitalisering og samordning av adm. fagsystem	85	0	-85	920	0	0	0	920	835
P60176	0* Investeringsiltak Steinsdalen	0	0	0	375	0	0	0	375	375
P60177	0* Aktivitetspark Vikøyvejo	0	275	275	0	0	0	0	275	275
P60180	0* Utfylling i sjø - Øystese sentrum	24	0	-24	1 250	0	5 000	5 625	11 875	11 851
P60182	0* Fornying teknisk utstyr 2018	0	0	0	1 375	0	0	0	1 375	1 375
P60191	0* Asfaltering 2019	0	0	0	0	1 875	0	0	1 875	1 875
P60192	0* Fornying teknisk utstyr 2019	0	0	0	0	625	0	0	625	625
P60201	0* Asfaltering 2020	0	0	0	0	0	1 875	0	1 875	1 875
P61143	0* Veg Sandvenhagen/Sæland	153	510	357	2 988	0	0	0	3 498	3 344
P61145	0/1* Trafikksikringsplan	889	938	48	1 250	0	0	0	2 188	1 298
P61151	0* Kryss Tolo - Buspareklubben	33	50	17	7 450	0	0	0	7 500	7 467
P61152	0* Bruprojekt - Netelandsbrua	791	655	-137	3 408	0	0	0	4 063	3 271
P61153	0* Parkering Bjørketeigen	0	0	0	1 250	0	0	0	1 250	1 250
P61155	0* Rassikring - murar og fjell	2 023	2 145	122	1 875	0	0	0	4 020	1 997
P61166	0* Utskifting til LED i veglys	3 394	2 000	-1 394	4 125	0	0	0	6 125	2 731
P61171	0* Rassikring Kjosåsvegen	692	875	183	375	0	0	0	1 250	558
P61173	0* Rekkverk kommunale bruer	710	750	40	1 250	0	0	0	2 000	1 290
P61178	0* Oppgradering utomhus ved Tolo omsorgsbusta	347	0	-347	1 250	0	0	0	1 250	903
P62132	0* Bårehus Øystese	5 259	4 200	-1 059	2 000	0	0	0	6 200	941
P62152	0* Rømningsveg rådhuset	0	0	0	500	0	0	0	500	500
P62163	0* Rassikring i Bergshagen	0	500	500	1 000	0	0	0	1 500	1 500
P62164	0* Utleigebustad - Bergtun	0	100	0	531	0	0	0	631	631
P62171	0* Utskifting glas og fasade rådhus	0	0	0	2 500	0	0	0	2 500	2 500
P62172	0* Oppgradering av brannvarslingsanlegg i komm	0	0	0	625	625	250	0	1 500	1 500
P62173	0* Sikfte av tak på Bjørketeigen barnehage	376	338	-39	625	0	0	0	963	586
P62177	0* Vegutbetring/trafikksikringiltak trygge skule	0	625	625	3 750	0	0	0	4 375	4 375
P62178	0* Gangveg Rokabrekka trygdebustader	0	293	293	0	0	0	0	293	293
P62181	0* Oppgradering bygg 2018	0	0	0	1 250	0	0	0	1 250	1 250
P62191	0* Oppgradering bygg 2019	0	0	0	0	1 250	0	0	1 250	1 250
P62201	0* Oppgradering bygg 2020	0	0	0	0	0	1 250	0	1 250	1 250
P65161	0* Digitalt naudnett - kompatible GPS	518	513	-5	0	0	0	0	513	-5
P65170	0* Forprosjekt KVBR	17	188	171	5 188	0	0	0	5 375	5 358
Sum		46 340	50 524	4 084	111 055	9 473	11 425	6 875	189 351	143 012

2.4.1 Om aktive investeringsprosjekt

P13191 IT-investeringar 2019

Det er sett av ein årleg sum på 1,8 mnok til investeringar i IT-infrastuktur som lagerkapasitet, programvare, trådløst nettverk og liknande. Finansierte med bruk av lån.

P13201 IT-investeringar 2020

Det er sett av ein årleg sum på 1,8 mnok til investeringar i IT-infrastuktur som lagerkapasitet, programvare, trådløst nettverk og liknande. Finansierte med bruk av lån.

P16152 Telefon- og varslingsystem

Endra prosjektnamn frå «Velferdsteknologi» og vidareført frå 2017. Lånefinansiert med 1,6 mnok , bruk av fond 0,35 mnok.

P16154 PC PLO

Investeringsprosjekt for kjøp av PC til PLO, ref. tiltak i digitaliseringsstrategi. Restsum i prosjektet overført frå 2017. Finansiert med bruk av lån.

P16161 IKT i skule og barnehage

Investeringsprosjekt for perioden 2016-2021 med plan om innkjøp av nettbrett til barnehagar, pcar og tavler til skular. Finansiert med bruk av lån.

P16181 IT-investeringar 2018

Det er sett av ein årleg sum på 1,8 mnok til investeringar i IT-infrastruktur som lagerkapasitet, programvare, trådløst nettverk og liknande.

Foreslått utvida i budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021. Finansiert med bruk av lån.

P18133 Heilelektronisk arkiv

Arbeid med å gjera arkiva i Kvam herad elektroniske. Restramme overført frå 2017. Finansiert med bruk av lån og refusjon frå andre kommunar.

P18162 Nytt adm.system - VISMA

Utskifting av løns- og økonomisystem til Visma. Restsum på ramma er overført frå 2017. Finansiert med bruk av lån.

P18171 Kvalitetssystem

Anskaffing av nytt kvalitetssystem. Restsum på ramma er overført frå 2017. Finansiert med bruk av lån på 0,8 mnok og fondsdisponeringar med 0,05 mnok.

P18172 Portalsystem

Anskaffing av ny nettportal, implementering skjer haust 2017 og vår 2018. Restsum på ramma er overført frå 2017. Finansiert med bruk av lån.

P19141 Hardangerbadet

Konsulentkjøp og overføring til Hardangerbadet. Prosjektet vart i 2015 utvida til oppretting av eit kommunalt føretak, i tråd med tidlegare vedtak.

Prosjektet er i utgangspunktet lånefinansiert med 20 mnok, men 2,5 mnok er finansiert med mastefond, 25600013. Då det er knytt risiko til drifta av eit kommunal føretak, er det sett av 10 mnok av mastekompensasjon (25600013) som buffer til Kvammabadet på eigen konto 25600300. Det er og sett av 17 mnok av Uttak EK frå KK, 25300002 til mellombels finansiering før utbetalinga av spelemidlar.

P19171 Hardangertunnelen – frå ide til røyndom

Prosjektet er både eit drift- og eit investeringsprosjekt. Prosjektet vart oppretta som del av budsjettvedtaket for 2017, under tilleggspunkt 1:

Kvam heradsstyre gjev rådmannen i oppgåve å etablera prosjektet «Hardangertunnelen – frå ide til røyndom»

Målet til prosjektet er i fyrste omgang å løfta fram Hardangertunnelen som prosjekt, og få på plass godkjent reguleringsplan med nødvendig kvalitetssikring.

Rådmannen får fullmakt til å nytta seg av nødvendig ekstern fagkompetanse.

Rådmannen får i oppgåve å gjera fylgjande:

- *Samla all relevant informasjon om prosjektet i ein presentasjon som kan nyttast*

i arbeidet fram mot realisering av tunnelen.

- *Få prosjektet inn i overordna planar.*
- *Iverksetja regulering og få igangsett og gjennomført kvalitetssikring.*
- *Organisera dette arbeidet opp mot Samnanger, vegeigar og Statens Vegvesen .*
- *Søkja delfinansiering frå vegeigar til planarbeidet.*
- *Finansieringsramme : Inntil 2,5 mill frå næringsfondet i økonomiplanperioden.*

Oppretta interesseselskap/ pådrivarverksemd eller jobba vidare i kommunal regi. Om rådmannen kjem fram til at eit selskap er rette grepet må fylgjande på plass :

- *Invitera Hardangerkommunane, Samnanger, Bergen , samt næringslivet i desse*
- *områda til å delta aktivt, også økonomisk , for å realisera og driva fram prosjektet.*

Tidsramme for etablering : 2017/2018. Kvam herad løyver inntil kr. 500.000 kroner frå fondet «Investeringsfond Kvam Kraftverk» (fondskonto 25300002) til arbeidet eller start av dette selskapet.

P37162 Dagsenter Strandebarm

Kommunen har i nokre år motteke øymerka tilskotsmidlar til dagsenter for demente. Midlane er samla opp på bundne driftsfond (øymerka fond). Nokre av midlane er brukt til driftstiltak, men det er eit vilkår for tilskota at dei ikkje skal nyttast til ordinær løn. Midlane skal bl.a. brukast til troskykkje og opparbeiding av uteområde (sansehagar). Restsum er overført frå 2017.

P37163 Dagsenter Øystese

Kommunen har i nokre år motteke øymerka tilskotsmidlar til dagsenter for demente. Midlane er samla opp på bundne driftsfond (øymerka fond). Nokre av midlane er brukt til driftstiltak, men det er eit vilkår for tilskota at dei ikkje skal nyttast til ordinær løn. Midlane skal bl.a. brukast til troskykkje og opparbeiding av uteområde (sansehagar). Restsum er overført frå 2017.

P37163 Dagsenter Ålvik

Kommunen har i nokre år motteke øymerka tilskotsmidlar til dagsenter for demente. Midlane er samla opp på bundne driftsfond (øymerka fond). Nokre av midlane er brukt til driftstiltak, men det er eit vilkår for tilskota at dei ikkje skal nyttast til ordinær løn. I 2017 vart midlane bl.a. nytta til solgjerde, anleggsgartnar og asfaltering av uteområde. Ein rest av midlane vart ikkje nytta i 2017.

P37171 Bil hjelpemiddelsentral

Prosjekt som vart oppretta i 2017 for kjøp av bil til hjelpemiddelsentral. Bilen vart satt i bestilling, men ikkje levert i 2017. Finansiert med bruk av lån.

P60096 Komp.midlar veg – Skjering, Bakka

Arbeid med veg, finansiert av kompensasjonsmidlar, på 2,5 mnok, konto 25140005.

P60134 Familie- og læringscenter

Nybygg av lokale til Familie- og læringscenter ved sida av rådhusbygget. Arbeidet starta oktober 2017 og er planlagt ferdigstilt i desember 2018. Det er estimert eit forbruk i 2017 på 6,25 mnok, resterande budsjett er overført til 2018. Rekneskapen syner eit forbruk i 2017 på 2,8 mnok, finansiert med bruk av lån.

P60169 Øysteseheimen – tilbygg og ombygging

Tilbygg og ombygging av Øysteseheimen for å laga 6 nye institusjonsplassar. Prosjektet vert i hovudsak gjennomført i 2017, men det er overført 2,5 mnok frå 2017 for sluttoppgjær. Lånefinansierast med 3,8 mnok og 10,4 mnok i fondsdisponeringar.

P60175 Digitalisering og samordning av adm.fag

Det er ei rekkje tiltak frå digitaliseringsstrategien som gjeld byggesak og samordning/integrering med andre system. Det er difor foreslått eit prosjekt for å arbeida med følgjande tiltak:

4.1.02 Digital dialog (SvarUt,SMS,digital skjema,Byggsøk,)

4.1.10,og 11 og 12 Fagsystem-analyse (fokus på presentasjon i fellesportal, brot i arbeidsprosessar, off.fellesløysingar, websak, integrering mellom systema)

4.4.02 Vurdera innkjøp av nye modular av arkivsystemet eller andre tilpassingar for å få betre integrering mot andre system.

4.4.09 Digitalisere arkivet (eigedom, byggesak)

5.3.01 og 02 Samordne og rasjonalisere programvare og maskinvare

5.3.03 Plan for 3D sakshandsaming

5.3.04 Gjere ei vurdering av om byggesakshandsaming kan effektiviserast ved nytte av digitale verktøy og rutinar.

5.3.05 Lage plan for kompetanse innan teknisk eining.

Det vart kjøpt inn Gemini lisens til 0,08 mnok i 2017, finansiert med bruk av lån.

Budsjettrammene er overført frå 2017 til 2018.

P60176 Investeringsiltak Steinsdalen

Prosjekt for lokale tiltak som kompensasjon etter sal av Steinsdalen skule. Overført rammer frå 2017 til 2018.

Finansiert med fondsdisponeringar.

P60177 Aktivitetspark Vikøyevjo

Vedtatt ved 2.tertial 2017. Finansierast med 0,2 mnok i gåver. Konkurransen for kjøp av leikeutstyr er gjennomført i 2017, men kjøpet vert gjort i 2018.

P60180 Utfylling i sjø – Øystese sentrum

Budsjettvedtak HST 12.12.2017:

Utfylling i sjø i Øystese sentrum, jfr. Vedtak i NPB 30.oktober 2017. Tiltaket er i samsvar med

sentrumsutviklinga for Øystese, og no er det tilgang på rimelige masser i nærområdet. Kvam

heradsstyre løyver 1.000.000 som vert finansiert frå næringsfondet til reguleringsendring,

grunnundersøking, konkurransegrunnlag mv. Vidare vert det oppretta eit nytt prosjekt med

8.500.000 til utfylling og skal leggjast inn som investering med 4 mill i 2020 og 4,5 mill i 2021.

Prosjektet skal finansierast med inntekter frå eigedomssal. Beløpet vert mellomfinansiert gjennom

lån frå Bustadfelt-fondet inntil nødvendige salsinntekter er oppnådd.

P60182-192 Fornyng teknisk utstyr 2018-2019

Årleg investering for utskifting av teknisk utstyr. Finansiert med bruk av lån.

P60181-191-201 Asfaltering 2018-2020

Det er sett av ein årleg sum på 1,9 mnok til asfaltering. Årleg investering for å oppgradera og etter

kvart vedlikehalda dei kommunale vegane. Vedlikehald må finansierast av driftsmidlar. I

planperioden er det førebels lånefinansiert.

Summen for P60181 mangla i budsjettframlegget for 2018. Rådmannen kjem attende til dette i

samband med 1. tertial 2018.

P61143 Veg Sandvenhagen/Sæland

Utbetring av veg Sandvenhagen/Sæland. Prosjektrammer overført frå 2017 til 2018.

Finansiert med 0,6 mnok i mva.kompensasjon og 2,4 mnok frå Bustadfeltfondet.

P61145 Trafikksikringstiltak – Hst-132/12

Trafikksikringstiltak ihht HST-132/12. Prosjektet har ein investeringsdel og ein driftsdel. Nyttå bl.a. til fartstavle i 2017. Lånefinansiert med 1 mnok og fondsdisponering på 0,7 mnok.

P61151 Kryss Tolo – Buspareklubben

Planarbeid og fysisk opparbeiding av nytt vegkryss på Tolo for Buspareklubben. Overført rammer frå 2017 til 2018. Finansiert med lån.

P61152 Bruprosjekt – Netelandsbrua

Renovering av Netelandsbrua starta opp november 2017. Ferdigstilling vinter 2018. Overført prosjektmidlar frå 2017 til 2018. Finansiert med lån.

P61153 Parkering Bjørketeigen

